



Helland Gruppen Næringsbygg AS  
Idrettsvegen 3  
5936 Manger

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1262 - 22/11934

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
10.02.2022

## **Adresseendring og adressedeling Galteråsen 13 A-F- GBNR 137/806 Alver**

**Administrativt vedtak: Saknr: 160/22**

### **VEDTAK:**

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring og adressedeling:

<b>Gbnr</b>	<b>Brukseining</b>	<b>Eksisterande adresse/ husnr.</b>	<b>Ny tildelt husnr.</b>
137/806	Seksjonnr 6	Galteåsen 13	13A
137/806	Seksjonnr 5		13B
137/806	Seksjonnr 4		13C
137/806	Seksjonnr 3		13D
137/806	Seksjonnr 2		13E
137/806	Seksjonnr 1		13F

**Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.**

### **Saka gjeld**

I samband med godkjent nybygging av nytt lagerbygg er det tildelt 1 offisell adresse, Galteåsen 13, som enno ikkje er tatt i bruk. Det er no kome inn søknad om seksjonering, som viser at dette bygget skal delast opp i 6 ulike sjølvstendige seksjonar. Det vert difor behov for 6 adresser her i staden for 1.

Utbyggjar har svara at han ynskjer tildelt ei adresse for kvar av desse brukeiningane/ seksjonane.

## Vurdering


Hovudregel for adressetildeling er å bruka husnummer utan bokstav. I dette feltet er det sett av eitt husnummer pr tomt, då det ikkje er råd å veta kva type bygg som vert søkt sett opp på dei ulike tomtane. Nokre treng berre eitt husnummer/ ei adresse, og andre kan trenga fleire. For å unngå fleire omadresseringar her, og for å fylgja opp tidlegare praksis i dette området, vert bokstavar tatt i bruk her.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling og adresse vert difor tildelt. Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Galteråsen.

Adresseendringa trer i kraft straks.

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendringa frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendringa til sjølv.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn ( sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.

Adressene skal vera skilta **før** bygget vert teke i bruk.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

### Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering ( matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland  
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Helland Gruppen Næringsbygg AS

Idrettsvegen 3

5936 Manger